

SKK-Nytt #3 /mai 2000

Innhald

1. 1. Har du fått e-postadresse?
2. 2. Heimesida vår på Internett
3. 3. Reservasjon mot namn og telefonnr. på heimesida
4. 4. Lån (leige) av kajakk
5. 5. Rabattavtale med Din Sport
6. 6. Tur til Solund

Har du fått e-postadresse?

Sia vi har valt å satse på internett og det som fylgjer med av muligheter der, så er det viktig at vi får registrert nye e-postadresser i klubben. Det er veldig greit med tanke på info-spreiing og det er billeg å bruke e-post. Så har du datamaskin med internett-tilkobling, så har du også tilgang til e-post. Får du i så fall ikkje info frå klubben via e-post, må du melde frå til meg (Rune).

Heimesida vår på Internett

Dei vi har fått e-postadressa til, har fått beskjed via e-brev, men resten har kanskje ikkje fått vite at vi no har fått heimesida til Sunnfjord Kajakklubb, på lufta.

Adressa er: home.no.net/skajakk

Viss du ikkje har datamaskin, så får du ta ein kikk hos nokon andre. Vi er sjølvsgåt glade for tilbakemeldingar. Det er særleg viktig å høyre frå deg om du saknar eit eller anna der, men vi vil også gjerne få tilbakemelding om ting du synest er bra.

Underteiknande er særleg spent på om vi får systemet med reservering av kajakk til å fungere i praksis.

Namn og telefonnr. på heimesida

Det kan vere praktisk å ha namnelista over medlemmane på heimesida. Vi har snakka litt omkring det, og det er ikkje heilt problemfritt i høve til personvernet.

Ei minimumsløysing kan vere å bruke førenamn og heime-telefonnr. og eventuelt mobilnummer.

I tillegg kan sjølvsgåt kvar og ein reservere seg mot å stå på lista. Etter sondering med ein del medlemmar i Førde, så er alle så langt positive til ei slik ordning.

Viss du ynskjer å reservere deg mot å stå på lista, eller du har meiningar om ordninga, så ta kontakt med underteiknande (Rune).

Viss eg ikkje høyrer noko innan ei veke, så legg eg ut lista over alle medlemmane (minimumsopplysningane) over helga..

Lån/Leige av kajakk

Ny kajakk #2

Vi har inngått kjøpsavtale med Padlespesialisten om kjøp av ein ny kajakk av typen Navigator. Dette er ein etterkomar av Sibir Expedition (og då må det jo vere bra, seier vi som har Sibir).

Den vil ha ein utsalspris på oppunder 16.000,- men vi får den for 10.500,-. Vi skal betale 3.000 ved ankomst i slutten av mai, og resten i august. Det er ein viss sjans å ta i og med at vi enno ikkje veit kva vi får av tilskot, men prisen og betingelsane er så bra at vi likevel slår til.

Så i slutten av mai vil vi då ha to nye + den gamle til disposisjon for medlemmane i SKK.

Låne-avgift

Vi har fått tilbakemelding frå fleire om at det ikkje hadde vore urimeleg om ein må betale litt for å låne klubben sine kajakkar.

Vi vil og få utgifter til forsikring og vedlikehald av båtane, så berre av den grunn er det vel fornuftig med noko inntekt på båtane.

Så er spørsmålet, kva leige skal vi ta?

Kva meiner du????? Vi må få tilbakemelding så fort som mogeleg.

Styret foreslår at det frå no av og inntil vidare, skal koste 30 kroner pr. dag å låne/leige kajakk.

Vi har enno ikkje fått vest og åre til Nordkapp'en (den "gamle" rauda), men så langt det går skal kajakkane vere komplette med trekk, åre og vest.

Reservering

Reservering av kajakk må gjerast på heimesida. Oppsök den og sjå om du finn ut av det. Viss det er noko du lurer på, så ta kontakt med meg (Rune).

På etableringsmøtet snakka vi om at ein berre skulle låne for ein dag av gongen, men i ettertid har vi kom til at dette er unødig stivbeint. Vi legg opp til at medlemmane t.d. kan låne med seg kajakk for heile helga. Ved å sjekke litt, så går det vel og an å låne med seg båt for fleire dagar.

Ved reservering av kajakk er det viktig at du og melder frå om du likevel ikkje skal bruke båten. Det gjer du og på heimesida, i same skjemaet som du reserverer kajakk.

Viss kajakkane er tinga akkurat den dagen du hadde lyst til å bruke den, går det sjølsagt an å ringe den som har reservert, og høyre om dåkke kan dele ein ettermiddag/kveld.

Førebelser kajakkane lagra heime hos meg (Rune), i Angedalsvegen 30 i Førde, i carporten ved vegen. Viss ikkje anna er avtalt, må du hente og levere kajakkane der.

Du må ha takbøylar på bilen. Enten må du feste kajakkstativa vi disponerer på takbøylene, eller du må polstre bøylene godt med skumgummi eller liknande.

Ved lengre köring, må du bruke kajakk-stativ. Viss du ikkje brukar kajakk-stativ, skal kajakken ligge opp-ned på takbøylene.

Oppsummering:

- ➤ Lån av kajakk kostar kr. 30,- pr. dag
- ➤ Reservering skjer på heimesida — HUGS og eventuell avbestilling
- ➤ Kajakkane kan lånast ein eller fleire dagar
- ➤ Henting og levering hos Rune i Angedalsvegen 30 (inntil vidare)
- ➤ Bruk helst kajakk-stativ

Rabattavtale med Din Sport

Vi har fått til ei god rabatt-avtalar med Din Sport i Handelshuset i Førde. Leiaren Arne Mo har vore, og er, open for innspel og forslag til utstyr han skal ha på lager.

Padleutstyret han fører, er i hovudsak varer frå Padlespesialisten i Arendal. Din Sport gir 5% meir rabatt enn det vi får hos Padlespesialisten. Samstundes er Padlespesialisten innforstått med at vi får rabatt, og at vi handlar gjennom Din Sport. Såleis er det ikkje noko i vegen for å førhøyre seg om varer hos Padlespesialisten for så å handle hos Din Sport.

Vi håper Din Sport vil satse på dette slik at det blir tilgang til eit visst utval av padleutstyr her i distriktet. Vi håper at dei etter kvart og vil satse på å ta inn kajakkar. Det spørs vel eigentleg kva vi ynskjer å bruke han til. Tilbodet ser ut som fylgjer:

KLUBBTILBOD

Din Sport vil med dette tilby medlemmar i Sunnfjord Kajakklubb fylgjande:

1. UTSTYR FRÅ PADLESPESIALISTEN:

kajakkar, kanoar, årer, vestar, bekledning m.m.

15% rabatt

2. FJELLUTSTYR FRÅ FERRINO:
telt, soveposar, ryggsekkar, vasstette posar, liggeunderlag, termos, aluminiumsflasker,
rumpetasker, koppar, fat, lykter m.m. **30% rabatt**

3. FJELL-, JAKT- OG TURSTØVLAR/SKO FRÅ BECK:
25% rabatt

Vi ynskjer alle medlemmar velkomne til Din Sport

Med helsing
Arne Mo
Din Sport

0 0 0 0 ---- 0 0 0 0

Avtala er vel rimeleg bra, eller hur?????????
Telefonnr. til Din Sport er 57 82 00 51.

Tur til Solund

Så folkens — første "stor"-turen vår. Arild W. har laga til eit fint turoppelegg. Les og bli med.
Turen høver for alle, for vi legg oppvanskegrad og innhald slik at det passar alle.
Arild meiner vi bør ha draft (kart) alle. Vi lagar til ein enkel variant for dei som ikkje ynskjer å kjøpe seg draft sjølv. Dette blir ein variant som sikkert blir bra nok for dei fleste.
Så finn fram kalenderen og rydd plass til denne og for så vidt og til dei andre fellesturane.

Solundturen 19.-20. og 21.mai

Solund er eit eldorado for kajakpadling. Der er eit utal holmar skjer og fine viker og sund å padle i. Solund har ein fin blanding av gammal kystkultur og fri natur. Der er teltplassar, fiskeplassar og skjerma padleområde.

Vi må ta med det vi treng til turen, også vatn, då det er langt mellom kjøpmennene der ute. Vi satsar på å ligge i telt, så kvar deltakar må ha med telt eller avtale med venner om å dele teltplass. Ta med fiskesaker, og salt / saltkar, fisken bit der ute.

Ta med draft og kompass på kvar kajakk.
Dei som har mobiltelefon tek med den.

Eg foreslår følgjande hovudoppelegg for turen:

Fredag 19.05:

Vi tek ferje frå Ryskjedalsvika fredag kl 18:50 til Krakhella kl 20:10

Køyrer bil til Hardbakke der vi møtes omlag kl 20:30.

Om veret er godt tek vi oss tid til ein utepis på sjøhuset på Hardbakke.

Om kvelden padlar vi første etappe av turen til **Little Færøy Kystkultursenter** som ligg omlag 5 km frå Hardbakke i retning nordvest.

Det er greit og skjerma farvatn. Vi slår leir på Little Færøyna, fiskar kveldsmat og overnattar i telt.

Laurdag 20.05:

Avhengig av veret kan vi legge turen til **Ospa** som ligg i nordvestre del av Solund og er ei fasinerande øy, med grotter og anna merkverdig, eller padle til **Nesøyna** som ligg sør om Hardbakke. Er veret strålende og stabilt kan vi eventuelt padle til **Utvær**, det er ein tur som uansett krev kajakkkompetanse. Det er og mogleg å dele oss i to grupper som møtest søndag til lunsj på Little Færøyna på veg heim via Hardbakke.

Vi legg inn nokre studiar av den særprega byggeskikken og kulturlandskapet på fiskeværet, vi besøker den freida husmansplassen på **Råkeneset**, og kan hende båtbyggarverksemda på Færøy.

Søndag 20.05:

Heimturen går via Hardbakke, fergje frå Krakhella kl 11:30, 15:05, 17:35 eller 20:25.

Arild W. kjenner til området, og er kontaktperson.

Telefon 57825025 på dagtid eller 57820668 om ettermiddagen

Påmelding

Ta kontakt med Arild W. eller Rune så fort som mogeleg.

Køyring/Skyss til Solund-turen

For å koordinere køyring for dei som ikkje har bil og for å bruke så få bilar som mogeleg, så foreslår eg at vi brukar oppslagstavla på heimesida for å få dette til.

Skriv om du treng skyss, eller om du har bil. Du kan også ta kontakt med Arild W. eller Rune.

Helsing Arild W.

Det var alt for denne gong.

Rune

PS. Kajakkane er mykje ledige - både kvardag og helg.